

TEMA: Samferdsle 76, Det litterære landskapet 152

KART: 441

Stalheimskleiva

PER SIVLE

PER SIVLE var fødd i 1857 i Flåm, Aurland. Foreldra var Eirik Sivle og Susanna Ryum. Mora døydde tidleg, og då faren var fehandlar og mykje på handelsferd, voks Per opp hjå slektningar på Hylland i Nærøydalen og på Fyre, Vossestrand, til han var 6 år gammal. Då vart han fosterson hjå huslyden på Brekke, garden mellom Sivle og Stalheim.

Både som forteljar og som lyrikar gav Per Sivle verk som generasjon etter generasjon av nordmenn har høyrte og lese med glede og takksemd. Mellom dei mest kjende songane hans er «Den fyrste song eg høyra fekk»; mellom forteljingane «Berre ein hund» og «Vossa-stubba».

Diktinga hans kjem frå hjarta, og han har nådd fram til hjarta hjå dei mange som les han. Då minnesmerket over Per Sivle vart avduka ved Voss Tinghus i 1957, bruka OLAV MIDTTUN desse orda av HENRIK WERGELAND som motto for talen: «...Er det ikke Hjertelag, Geni og Ulykke Gud giver Udødelighetens fagreste Kranse?» Det var velvalde ord om mannen Per Sivle og livssoga hans.

ANDERS HOVDEN, Per Sivles gode ven, gjorde opptaket til eit minnesmerke over dikteren i heimbygda hans. Emnet til den store bautasteinen er funne på Skjervheim i Myrkdalen. Å føra steinen frå Myrkdalen om Vinje til Oppheimsvatnet og fram til Stalheim var eit krevfullt arbeid.


Anders Hovden heldt hovudtalen ved avdukingshøgtida 20. juni 1909. Også LARS ESKELAND tala, og SJUR HELGELAND spela.

Innskrifta på steinen lyder slik: «NORSK UNGDOM SETTE DENNE STEINEN TIL MINNE UM PER SIVLE 1857–1904».

«OG DET ER
DET STORA
OG DET ER
DET GLUPA
AT MERKET
DET STEND
UM MANNEN
HAN STUPA.»



Frå dei eldste tider i norsk historie har ei av dei viktigaste ferdslåreane mellom det vestlege og det austlege Noreg gått over Bolstad – Voss – Stalheim – Gudvangen og Lærdal. Postvegen mellom Oslo og Bergen vart lagd her i 1647, men i STALHEIMSKLEIVA var det berre kløvveg heilt til 1840-åra. Hjulreiskap og vogner var lite i bruk vestanfjells til den tid.



Stalheimskleiva, eit imponerende veganlegg. Foto frå 1890-åra.

Regjeringa gjorde i 1840-åra mykje for å betra vegsamband og andre kommunikasjonar mellom landsdelane. For å fremja ei snøggare postføring mellom Oslo og Bergen fekk kaptein FINNE i 1842 i oppdrag å stikka ny veg i Stalheimskleiva.

Dette veganlegget kravde mykje fjellsprenging. Alt vart handbora og sprengt med krut. Ei rekkje arbeidslag var med på arbeidet, som drog til seg arbeidsfolk frå mange kantar av landet. Dei høge murane har halde seg uendra

til denne dag. Nokre få svingar er utvida, og i staden for jernrekkverket er det ein støypekant, men elles er vegen den same: Knapt 2 km med stigning på 270 m og 14 svingar frå brua og opp til Stalheim. Bendiksvingen og Hatlebrotsvingen har namna sine etter arbeidsformenn.

Arbeidet tok 3 år, og den nye vegen kunne køyrast i 1846. Frå 1936 vart vegen sett i stand for køyring med bil og buss; i dag eit kulturminne og framleis ein stor attraksjon. □



Garden Sivle.